

# ETNE KOMMUNE

## SAKSUTGREIING

Utval	Møtedato	Saknr	Saksh.
Kommunestyre	26.06.2012	056/12	VIL
Formannskap	26.06.2012	063/12	VIL

<b>Sakshandsamar:</b> Vigdis Lode	<b>Arkiv:</b> N-502.	<b>Arkivsaknr:</b> 2012000467
--------------------------------------	----------------------	----------------------------------

### 2. GONGS HANDSAMING AV KOMMUNEDELPLAN FOR ETNESJØEN 2011-2023 - AREALDELEN

#### Vedlegg i saka:

- Plankart, dagsett 16.2.12
- Føresegner dagsett 27.2.12
- Merknadshandsaming dagsett 27.2.12

#### Utrykte saksdokument:

- Planskildring
- Konsekvensutgreiing med risiko- og sårbarheitsanalyse
- Temakart

#### Saksgang:

Formannskapet  
Kommunestyret

#### Utskrift til:

Utvikling

## **SAKSUTGREIING:**

### **1. Kva saka gjeld:**

2. gongs handsaming av framlegg til kommunedelplan for Etnesjøen 2011 – 2023, arealdelen.

### **2. Bakgrunn for saka:**

Kommunedelplan for Etnesjøen 2011 – 2023 vart i F-sak 032/11, 4.5.2011 vedteke lagt ut til høyring og offentleg ettersyn, med høyringsfrist 1.7.2011.

Etter fristen var det kome inn merknader frå fleire både privatpersonar, næringsliv og offentlege mynde, samt motsegn frå sistnemnde på delar av planen. Merknader og motsegner er oppsummert og kommentert i vedlegg. Her er òg kommentert merknader som kom inn etter fristen. Det er i alt kome 17 motsegner til planframlegget.

### **3. Problemstilling:**

Det må gjerast endeleg vedtak av kommunedelplan for Etnesjøen 2011 – 2023, arealdelen, når motsegnene er trekt, eller når det er kome eintydige signal om at dei vil verte trekt.

### **4. Vurdering:**

Kommunestyret kan, med heimel i § 11-15 i plan- og bygningslova, eigengodkjenne arealdelen for Etnesjøen, men ikkje der det føreligg motsegner frå offentlege mynde med motsegnrett. Ein har difor sidan planen var ute på høyring i juni 2011 vore i dialog både med Statens Vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland for å få ei løysing slik at planen kan godkjennast.

Dei endringane som no er gjort er ikkje av eit omfang eller ein slik art at dei er vurdert til å krevje ny høyring. Vedlagt merknadshandsaming med konklusjon syner korleis kvar enkelt merknad har vore vurdert, og summerer opp dei endringane dette har ført til i det endelege planframlegget. Framlegget består av eit juridisk bindande plankart og tilhøyrande planføresegner, planskildring, konsekvensutgreiing med risiko- og sårbarheitsanalyse og ulike temakart.

16.2.12 var det møte i styringsgruppa for kommunedelplan for Etnesjøen. Det var naudsynt overfor Hordaland Fylkeskommune med ei politisk avklaring på endringar i planframlegget etter merknadshandsaminga, særleg endra avgrensing av områda S1 og K1 nordaust for Etne senter, før dei kan vidaresemda saka til Riksantikvaren med Fylkeskonservator si tilråding om frigjeving av kulturminnet i området K1. Tilrådinga tok for seg Etne kommune si handsaming av motsegner frå Hordaland fylkeskommune og frå Statens vegvesen, i alt 8 punkter som alle vart vedteke å gå vidare med.

Dei 8 punkta frå møtet i styringsgruppa utgjer saman med justering etter merknader og motsegner frå andre organ følgjande endringar gjort i planframlegget etter 1. gongs handsaming i F-sak 032/11, 4.5.2011:

1. 200 års flaumsoner med tilhøyrande føresegner er innarbeidd i plankartet fullt ut, med tilknytte føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot flaum.
2. Vegtrasear for ny E 134 er teke ut av plankartet, og vist som illustrasjon på eige temakart, utan juridisk binding
3. Rekkefølgjekrav med følgjande ordlyd er teke inn i føresegner: *"Endeleg trasé for omlegging av E 134 utanom Etne sentrum må vera vedteke før planarbeid og fysiske tiltak i områda N4, N5 og B12 kan startast opp, jf, pbl § 11-9 nr. 4"*.
4. Ein har lagt inn omsynssone med tilstrekkeleg sikringsareal kring kulturminnet i B01 (Kambe).
5. Ein tek med i føresegnene til KDP for B03 og B06 at omsynssone D med sikringsareal skal innarbeidast i reguleringsplan. Sona vert og vist på plankartet. Ordlyd på føresegn: *"Område B03 og B06, og framtidig gang- sykkelveg langs E 134, er delvis i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne med askeladden id 144935, 144936 og 113512, 113508, 113511, 144926, 144937, 144955, 130869, 130868 og 128821. Desse vert vist som omsynssone d); bandlagt område i påvente av vedtak etter plan- og bygningslova og andre lover, jf. plan- og bygningslova § 11-8 d). Omsynssoner med tilstrekkeleg sikringsareal slik at nytt tiltak ikkje vert skjemma, eller eigna til å skade kulturminne, er vist i plankartet"*.
6. Kravet frå fylkeskonservator vert etterkome og ein reduserer området K1 og S1 som vist på kart.
7. Det vert stilt krav i KDP med følgjande ordlyd i føresegnene: *"Grunna potensiale for funn av kulturminne vert det stilt krav til reguleringsplan før utbygging for følgjande område: N8, B15, B19 og B20. Kjende, automatisk freda kulturminne må visast som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 11-9 nr 1"*.
8. Ein tek følgjande ordlyd inn i føresegnene for KDP: *"Kvar einskild byggjesak innafor LNF-område med høve til spreidd utbygging skal sendast kulturvernmynde for avklaring i høve til kultuminnelova"*.

Endringar som ikkje vart vurderte i tilrådinga i sak 01/12 i møte 16.2.12:

9. Bustadområdet B13 (Osnes/ Beinstøvik) vert teke ut av planen og funksjonell strandsone justerast i tråd med Fylkesmannen i Hordaland sitt innspel.
10. Naustområde NA1 og småbåthamna SB1 på Osvåg reduserast som vist på plankart, slik at eksisterande naustrettar for Gjerdsgardane (etter jordskifte), 3-4 eksisterande naust og eksisterande nausttomter vert i vareteke frå sør tom. Gnr. 12, bnr. 30 (nord for bekk).
11. Område T1 bli verande uendra, og ein sikrar avstand til verna vassdrag med byggegrense på 50 meter.
12. Føresegna 3.8.2. vert gitt følgjande tillegg, i samråd med FM i Hordaland: Føresegna vert gitt følgjande tillegg, i samråd med FM i Hordaland: *"Naust skal oppførast i ein etasje, ha ei grunnflate på maksimalt 40 m<sup>2</sup> Det skal nyttast saltak, med ein takvinkel på mellom 35 og 45 grader. Mønehøgde skal vera under 5 meter, og dagslysflata for vindaug skal ikkje overstige 3 %. (Pbl § 11-11 nr.2)."*
13. Føresegn 5.1.3 er endra til følgjande (nytt tillegg er understreka her): *"Nødvendige bygningar og anlegg i tilknytning til landbruksverksemd, fiske eller ferdsel til sjøs kan*

*oppførast innanfor forbodssona, dersom bygning/ anlegg vert plassert i tilknytning til eksisterande tun, jf Pbl § 11-11 nr 4. Ved plassering skal det takast særlege omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, jordvern, landskap og andre allmenne interesser, jf. Pbl § 1-8.”*

14. Føresegn: 2.1.7: Er knytt opp mot omsynssone etter pbl § 11-8, tredje ledd, bokstav a: *” I byggeområde som ligg innanfor omsynssoner for flaum, skal innvendig golv leggjast på kote minst 2,50. Langs vassdrag er det flaumsonkartlegginga som avgjer kotehøgde på innvendig golv” (Heimel: Pbl § 11-8 nr. 3, bokstav a).*
15. Honsvika er sett av som låssettingsplass (LF1) i plankartet.
16. Område G1 er fjerna frå plankartet. Det er lagt inn krav til storleik på grøntområde innanfor område B09 i føresegner. Plasseringa avklarast i detaljregulering.
17. Gjeld føresegn for å opne for mindre tiltak på frådelte tomter i LNF-område utan krav til dispensasjon eller regulering: Føresegn 2.1.9, 3.1.3, 3.2.2, 4.1.4 og 4.2.2 er teke ut, og ein avventar endeleg avklaring frå Fylkesmannen når det gjeld utforming av slik føresegn, og korleis kommunane kan innarbeide dette i sine vedtekne kommuneplanar ved eit seinare høve.

Ein tek atterhald om at alle motsegner vert trekt på bakgrunn av dei endringane som no er gjort i planframlegget. Ein har ikkje rukke å få ei formell skriftleg tilbakemelding på dette når saka vert skrive.

## **TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:**

Følgjande endringar er gjort i planframlegget etter 1. gongs handsaming i F-sak 032/11, 4.5.2011:

1. 200 års flaumsoner med tilhøyrande føresegner er innarbeidd i plankartet fullt ut, med tilknytte føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot flaum.
2. Vegtrasear for ny E 134 er teke ut av plankartet, og vist som illustrasjon på eige temakart, utan juridisk binding.
3. Rekkefølgekrav med følgjande ordlyd er teke inn i føresegner: *”Endeleg trasé for omlegging av E 134 utanom Etne sentrum må vera vedteke før planarbeid og fysiske tiltak i områda N4, N5 og B12 kan startast opp, jf. pbl § 11-9 nr. 4”.*
4. Ein har lagt inn omsynssone med tilstrekkeleg sikringsareal kring kulturminnet i B01 (Kambe).
5. Ein tek med i føresegnene til KDP for B03 og B06 at omsynssone D med sikringsareal skal innarbeidast i reguleringsplan. Sona vert og vist på plankartet. Ordlyd på føresegn: *”Område B03 og B06, og framtidig gang- sykkelveg langs E 134, er delvis i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne med askeladden id 144935, 144936 og 113512, 113508, 113511, 144926, 144937, 144955, 130869, 130868 og 128821. Desse vert vist som omsynssone d); bandlagt område i påvente av vedtak etter plan- og bygningslova og andre lover, jf. plan- og bygningslova § 11-8 d). Omsynssoner med tilstrekkeleg sikringsareal slik at nytt tiltak ikkje vert skjemma, eller eigna til å skade kulturminne, er vist i plankartet”.*
6. Kravet frå fylkeskonservator vert etterkome og ein reduserer området K1 og S1 som vist på kart.

7. Det vert stilt krav i KDP med følgjande ordlyd i føresegnene: *"Grunna potensiale for funn av kulturminne vert det stilt krav til reguleringsplan før utbygging for følgjande område: N8, B15, B19 og B20. Kjende, automatisk freda kulturminne må visast som omsynssone, jf.plan- og bygningslova § 11-9 nr 1"*.
8. Ein tek følgjande ordlyd inn i føresegnene for KDP: *"Kvar einskild byggjesak innafør LNF-område med høve til spreidd utbygging skal sendast kulturvernmynde for avklaring i høve til kultuminnelova"*.
9. Bustadområdet B13 (Osnes/ Beinstøvik) vert teke ut av planen og funksjonell strandsone justerast i tråd med Fylkesmannen i Hordaland sitt innspel.
10. Naustområde NA1 og småbåthamna SB1 på Osvåg reduserast som vist på plankart, slik at eksisterande naustrettar for Gjerdsgardane (etter jordskifte), 3-4 eksisterande naust og eksisterande nausttomter vert i vareteke frå sør tom. Gnr. 12, bnr. 30 (nord for bekk).
11. Område T1 bli verande uendra, og ein sikrar avstand til verna vassdrag med byggegrense på 50 meter.
12. Føresegna 3.8.2. vert gitt følgjande tillegg, i samråd med FM i Hordaland: Føresegna vert gitt følgjande tillegg, i samråd med FM i Hordaland: *"Naust skal oppførast i ein etasje, ha ei grunnflate på maksimalt 40 m<sup>2</sup> Det skal nyttast saltak, med ein takvinkel på mellom 35 og 45 grader. Mønehøgde skal vera under 5 meter, og dagslysflata for vindaug skal ikkje overstige 3 %. (Pbl § 11-11 nr.2)."*
13. Føresegn 5.1.3 er endra til følgjande: *"Nødvendige bygningar og anlegg i tilknytning til landbruksverksemd, fiske eller ferdsel til sjøs kan oppførast innanfor forbodssona, dersom bygning/ anlegg vert plassert i tilknytning til eksisterande tun, jf Pbl § 11-11 nr 4. Ved plassering skal det takast særlege omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, jordvern, landskap og andre allmenne interesser, jf. Pbl § 1-8."*
14. Føresegn: 2.1.7: Er knytt opp mot omsynssone etter pbl § 11-8, tredje ledd, bokstav a: *" I byggeområde som ligg innanfor omsynssoner for flaum, skal innvendig golv leggjast på kote minst 2,50. Langs vassdrag er det flaumsonkartlegginga som avgjer kotehøgde på innvendig golv" (Heimel: Pbl § 11-8 nr. 3, bokstav a).*
15. Honsvika er sett av som låssettingsplass (LF1) i plankartet.
16. Område G1 er fjerna frå plankartet. Det er lagt inn krav til storleik på grøntområde innanfor område B09 i føresegner. Plasseringa avklarast i detaljregulering.
17. Gjeld føresegn for å opne for mindre tiltak på frådelte tomter i LNF-område utan krav til dispensasjon eller regulering: Føresegn 2.1.9, 3.1.3, 3.2.2, 4.1.4 og 4.2.2 er teke ut, og ein avventar endeleg avklaring frå Fylkesmannen når det gjeld utforming av slik føresegn, og korleis kommunane kan innarbeide dette i sine vedtekne kommuneplanar ved eit seinare høve.

Med heimel i Plan- og bygningslova, § 11-15, vert framlegg til kommunedelplan for Etnesjøen 2011-2023, arealdelen, godkjend slik han no ligg føre.

#### **06.03.2012 FORMANNSKAP**

#### **F-012/12 TILRÅDING FRÅ FORMANNSKAPET TIL KOMMUNESTYRET: samrøystes**

Følgjande endringar er gjort i planframlegget etter 1. gongs handsaming i F-sak 032/11, 4.5.2011:

1. 200 års flaumsoner med tilhøyrande føresegner er innarbeidd i plankartet fullt ut, med tilknytte føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot flaum.
2. Vegtrasear for ny E 134 er teke ut av plankartet, og vist som illustrasjon på eige temakart, utan juridisk binding.
3. Rekkefølgjekrav med følgjande ordlyd er teke inn i føresegner: *”Endeleg trasé for omlegging av E 134 utanom Etne sentrum må vera vedteke før planarbeid og fysiske tiltak i områda N4, N5 og B12 kan startast opp, jf. pbl § 11-9 nr. 4”*.
4. Ein har lagt inn omsynssone med tilstrekkeleg sikringsareal kring kulturminnet i B01 (Kambe).
5. Ein tek med i føresegnene til KDP for B03 og B06 at omsynssone D med sikringsareal skal innarbeidast i reguleringsplan. Sona vert og vist på plankartet. Ordlyd på føresegn: *”Område B03 og B06, og framtidig gang- sykkelveg langs E 134, er delvis i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne med askeladden id 144935, 144936 og 113512, 113508, 113511, 144926, 144937, 144955, 130869, 130868 og 128821. Desse vert vist som omsynssone d); bandlagt område i påvente av vedtak etter plan- og bygningslova og andre lover, jf. plan- og bygningslova § 11-8 d). Omsynssoner med tilstrekkeleg sikringsareal slik at nytt tiltak ikkje vert skjemma, eller eigna til å skade kulturminne, er vist i plankartet”*.
6. Kravet frå fylkeskonservator vert etterkomme og ein reduserer området K1 og S1 som vist på kart.
7. Det vert stilt krav i KDP med følgjande ordlyd i føresegnene: *”Grunna potensiale for funn av kulturminne vert det stilt krav til reguleringsplan før utbygging for følgjande område: N8, B15, B19 og B20. Kjende, automatisk freda kulturminne må visast som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 11-9 nr 1”*.
8. Ein tek følgjande ordlyd inn i føresegnene for KDP: *”Kvar einskild byggjesak innafor LNF-område med høve til spreidd utbygging skal sendast kulturvernmynde for avklaring i høve til kultuminnelova”*.
9. Bustadområdet B13 (Osnes/ Beinstøvik) vert teke ut av planen og funksjonell strandsone justerast i tråd med Fylkesmannen i Hordaland sitt innspel.
10. Naustområde NA1 og småbåthamna SB1 på Osvåg reduserast som vist på plankart, slik at eksisterande naustrettar for Gjerdsgardane (etter jordskifte), 3-4 eksisterande naust og eksisterande nausttomter vert i vareteke frå sør tom. Gnr. 12, bnr. 30 (nord for bekk).
11. Område T1 bli verande uendra, og ein sikrar avstand til verna vassdrag med byggegrense på 50 meter.
12. Føresegna 3.8.2. vert gitt følgjande tillegg, i samråd med FM i Hordaland: Føresegna vert gitt følgjande tillegg, i samråd med FM i Hordaland: *”Naust skal oppførast i ein etasje, ha ei grunnflate på maksimalt 40 m<sup>2</sup> Det skal nyttast saltak, med ein takvinkel på mellom 35*

og 45 grader. Mønehøgde skal vera under 5 meter, og dagslysflata for vindauge skal ikkje overstige 3 %. (Pbl § 11-11 nr.2).”

13. Føresegn 5.1.3 er endra til følgjande: ”Nødvendige bygningar og anlegg i tilknytning til landbruksverksemd, fiske eller ferdsel til sjøs kan oppførast innanfor forbodssona, dersom bygning/ anlegg vert plassert i tilknytning til eksisterande tun, jf Pbl § 11-11 nr 4. Ved plassering skal det takast særlege omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, jordvern, landskap og andre allmenne interesser, jf. Pbl § 1-8.”

14. Føresegn: 2.1.7: Er knytt opp mot omsynssone etter pbl § 11-8, tredje ledd, bokstav a: ” I byggeområde som ligg innanfor omsynssoner for flaum, skal innvendig golv leggast på kote minst 2,50. Langs vassdrag er det flaumsonkartlegginga som avgjer kotehøgde på innvendig golv” (Heimel: Pbl § 11-8 nr. 3, bokstav a).

15. Hønsvika er sett av som låssettingsplass (LF1) i plankartet.

16. Område G1 er fjerna frå plankartet. Det er lagt inn krav til storleik på grøntområde innanfor område B09 i føresegn. Plasseringa avklarast i detaljregulering.

17. Gjeld føresegn for å opne for mindre tiltak på frådelte tomter i LNF-område utan krav til dispensasjon eller regulering: Føresegn 2.1.9, 3.1.3, 3.2.2, 4.1.4 og 4.2.2 er teke ut, og ein avventar endeleg avklaring frå Fylkesmannen når det gjeld utforming av slik føresegn, og korleis kommunane kan innarbeide dette i sine vedtekne kommuneplanar ved eit seinare høve.

Med heimel i Plan- og bygningslova, § 11-15, vert framlegg til kommunedelplan for Etnesjøen 2011-2023, arealdelen, godkjend slik han no ligg føre.

## **20.03.2012 KOMMUNESTYRE**

Rådmannen orienterte angående saksgongen i saka. La fram forslag om å utsetja saka.

RØYSTING.

Samrøystes for å utsetja saka.

### **K-015/12 VEDTAK: (samrøystes)**

Saka vert utsett.

## **NYE OPPLYSNINGAR I SAKA**

### **Nye vedlegg i saka:**

Plankart, dagsett 21.6.12

Føresegner, dagsett 21.6.12

Temakart støy, dagsett 11.5.12

Brev frå Riksantikvaren til Hordaland Fylkeskommune, dagsett 15.6.12

### **Utrykte saksdokument:**

Brev frå NVE, dagsett 16.3.12

Brev frå Fylkesmannen i Hordaland, dagsett 19.3.12

Brev frå Statens Vegvesen, dagsett 27.3.12

Brev frå Hordaland Fylkeskommune, dagsett 30.3.12

Brev frå Etne kommune til Statens vegvesen, dagsett 14.5.12

Brev frå Statens Vegvesen 18.5.12

### **Saksutgreiing:**

Kommunedelplan for Etnesjøen 2011 – 2023 – arealdelen, var til 2. gongs handsaming i Formannskapet 6.3.2012, sak 012/12. Planen skulle opp til eigengodkjenning i Kommunestyret 20.3.12, sak 015/12, men vart utsett. Riksantikvaren var på dette tidspunkt ikkje ferdig med si handsaming av Etne kommune sin søknad om frigjeving av kulturminnet ID 130869 i området K1 for framtidig kjøpesenter.

### **Vurdering:**

Merknader kome inn etter 2. gongs handsaming i Formannskapet 6.3.12 er ikkje teke med i merknadshandsaminga, men kommentert her.

7.3.2012 vart det sendt ut førespurnad til Fylkesmannen i Hordaland (FM), Statens Vegvesen (SVV), Hordaland Fylkeskommune (HFK), Noregs Vassdrags- og energidirektorat (NVE) og Fiskeridirektoratet Region Vest (FRV) om formell skriftleg tilbakemelding på trekking av motsegner til planen. FRV, NVE og FM trakk sine motsegner i brev 16.3 (FRV) og 19.3 (NVE og FM).

I brev frå HFK dagsett 30.3. trekkast og deira motsegner, men dei gjer samstundes merksam på at Etne kommune ikkje kan eigengodkjenne planen før han er ferdig handsama av Riksantikvaren i høve frigjeving av kulturminnet i området K1, og HFK si endelege fråsegn føreligg saman med Riksantikvaren sitt vedtak . HFK kjem og med følgjande merknader til sjølve planframlegget: ”Automatisk freda kulturminne er i plankartet vist med omsynssone c (SOSI-kode H570 bevaring). I føresegnene er det vist til omsynssone d (punkt 6.2., sone for bandlegging, pbl § 11-8, d). SOSI-kode i plankartet må rettast til H730, slik at det er samsvar. Id 130869 i areal K1 skal visast med lokalitetsavgrensing utan omsynssone”. Vedlagte plankart og føresegner er justert i tråd med merknadene på følgjande måte:

- SOSI-kode i plankartet er retta til H730, omsynssone c, sone for bandlegging
- Id 130869 i areal K1 visast no med lokalitetsavgrensing utan omsynssone

Brev frå Riksantikvaren til HFK dagsett 15.6.12, vart vidaresendt Etne kommune 19.6.12. Endeleg fråsegn frå HFK er per 21.6.12 ikkje motteke. I brev frå Riksantikvaren vert det innvilga dispensasjon for utviding av kjøpesenter K1, på vilkår av arkeologisk utgraving av kulturminnet, id 130869, før nokon form for tiltak innan K1 realiserast, jf. kart stempla Riksantikvaren den 15.6.12. I høve Riksantikvaren sine vilkår for frigjeving av kulturminnet, er følgjande endringar gjort:

- Id 130869 visast som bestemmelsesområde med bestemmelsesgrense, utan omsynssone, jf. merknad over frå Hordaland Fylkeskommune
- Følgjande tekst er teke inn i føresegn, pkt. 3.4.3: ”*Før iverksetjing av tiltak i areal for framtidig kjøpesenter, K1, skal det gjennomførast ei arkeologisk gransking av den råka automatisk freda kulturminnelokaliteten, busetnad- og jordbruksspor, id 130869, i planområdet. Det skal takast kontakt med Hordaland Fylkeskommune i god tid før tiltakt skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsetjast*”

I høve attverande motsegner frå Statens Vegvesen vart det halde eit avklaringsmøte 8. mai. I brev frå Etne kommune 14.5.12 med førespurnad om trekking av motsegner gjer ein greie for korleis desse er imøtekome i justert planframlegg:

- Omsynssone bandlegging er lagt inn 70m til kvar side langs alternativ 4 for ny trasé for E 134.
- Omsynssone støy langs dagens E 134 er vist på eige temakart, med tilhøyrande føresegner pkt. 2.1.13
- Det er i føresegnene pkt. 3.1.21 lagt inn byggjeforbod for byggeområda B18, B19, B20 og B22 inntil ny E 134 er etablert.

SVV trekk sine motsegner i brev 18.5.12, men har og nokre mindre merknader til føresegnene som er innarbeidd i vedlagt planframlegg.:

- Tidlegare pkt. 3.1.23, no 6.2.3 Framtidig vegtrasé, henviser no til pbl § 11-8 d) bandlegging (ikkje 11-9 nr. 4, som gjeld rekkefølgekrav).
- Pkt. 2.1.13 har fått tillegg om vurdering av støytiltak for byggeområder langs E 134 i høve støysonekartet, og henvisning til temakart støy.

Dei endringane som er lista opp i saka gjer at ein no legg fram eit justert planframlegg til handsaming.

#### **TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:**

Med heimel i Plan- og bygningslova, § 11-15, vert framlegg til kommunedelplan for Etnesjøen 2011-2023, arealdelen, med plankart sist revidert 21.6.12 og føresegner dagsett 21.6.12, godkjend slik han no ligg føre.

#### **26.06.2012 FORMANNSKAP**

##### **F-063/12 TILRÅDING FRÅ ETNE FORMANNSKAP TIL ETNE KOMMUNESTYRE: (samrøystes)**

Med heimel i Plan- og bygningslova, § 11-15, vert framlegg til kommunedelplan for Etnesjøen 2011-2023, arealdelen, med plankart sist revidert 21.6.12 og føresegner dagsett 21.6.12, godkjend slik han no ligg føre.

#### **26.06.2012 KOMMUNESTYRE**

##### **K-056/12 VEDTAK: (samrøystes)**

Med heimel i Plan- og bygningslova, § 11-15, vert framlegg til kommunedelplan for Etnesjøen 2011-2023, arealdelen, med plankart sist revidert 21.6.12 og føresegner dagsett 21.6.12, godkjend slik han no ligg føre.